



Sokneprest Ingolf Gjedrem held friluftsgudsteneste på Bygdetunet Rød

**Dei 80 som møtte fram til den tradisjonelle museumsdagen på bygdetunet på Rød i Uskedalen søndag fekk oppleva tre timar med eit svært variert program. Dagen starta med sagasus, fordi sokneprest Ingolf Gjedrem i stor grad tok for seg Olsok og Olav Haraldsson i si friluftsgudsteneste. Men hovudtemaet denne gongen var feavl og meieribruk i Kvinnherad.**

- Gud nytta Olavs visjon sjølv om han slett ikkje var perfekt. Olav leia store vikingehærar før han var 20 og førte krig på ein skånselslaus måte. Han måtte rømme landet. Då han kom attende, møtta han ein stor bondehær og fall på Stiklestad. Men kongedømmet på kristen grunn fann likevel fotfeste - ikkje ved hans liv, men ved hans død.

Gud nytta Olav Haraldsson slik at han vart til signing for land og folk. Det er ikkje berre dei beste handlingar som bygger Guds rike, Gud nyttar i staden ofte vår veikskap. Og det som skjedde med Olav er slett ikkje noko eineståande, det er snarare ein regel enn eit unntak, sa presten i preika.

Rart var det å tenkje på at deltakarane i gudstenesta satt nedanfor ei rad med eiketre der den eldste er minst 500 år – altså eldre enn reformasjonen.



Klauvskjering på den nye måten – John Haugse (kueigar, til høgre) og Lars Haugland i aktivitet.

Og så vart det liv i det gamle tunet, slik det har vore i alle år sidan 1985 – med Kristian Bringedal som den alltid like kreative og aldri sviaktande leiar. Det var stylteteisterskap og Bjørgulf Eik og Berge Sæberg synte fram mjølkekontrolløren sitt gamle utstyr. Bjørgulf har 50 år bak seg i denne 'bransjen'. Lars Haugland og John Haugse synte fram og demonstrerte klauvskjerarboksen som Sandvik og Eikeland i Omvikdalen har suksess med landet rundt. Og dei kunne garantera at dette utstyret, der kua ligg, er langt meir skånsomt mot henne enn den gamle klauvboksen der ho stod. Det er no vanleg at fleire brukarar går saman om ein boks – den som var synt fram på Rød er det to uskedelingar, ein frå Husnes og ein frå Herøysund som eig.





Olav Bringedal er stolt av villsauflokken sin.

Villsauflokken til Olav Bringedal, som beita på bøen, fanga og interesse hos mange. Han er åleine om å eiga ein heil flokk av denne rasen i Uskedalen. Olav har kjøpt flokken på Osterøy, men sauene stammar frå dei frittflakkande sauene på Austevoll. Villsauen tar for seg grundigare av vegetasjonen enn vanlige sauer, tilpassar seg kulturlandskapet godt, klarar seg utan hus året rundt og lammar utan hjelp. Olav har store forventningar til denne sauene.



Berge Sæberg har skreve eit interessant hefte om storfe og meieribruk i Kvinnherad.

Eit hovudinnslag hadde Berge Sæberg (83) med ei orientering om storfe og meieribruk i Kvinnherad. Han har nyleg gjeve ut eit hefte om temaet og gjorde det etter påtrykk frå fleire.

Fleire hadde sagt til Sæberg at viss ingen snart skriv om dette temaet, er det borte.

- No har vi ikkje lenger korkje feet eller meieriet, hadde ein påpeika.

Utviklinga innan feavlen har vore fantastisk: På 1800-talet var produksjonen frå kvar ku 800 liter i året, nå er den over 10 gonger så høg. Uskedalingane var glade for å høyra at Uskedalen kring 1900 var ei førande bygd i avlsarbeidet med storfe. Her vaks det fram eit miljø der mest alle var med. Men det fyrste meieriet levde i berre seks år.

**Tekst og foto: Ola Matti Mathisen**



80 møtte fram til museumsdagen dette året.

